

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: *Oppland*Tilleggsspørsmålnr. *tit nr 36*Herad: *Skjåk*Emne: *Helsing fakkets äffred*Bygdelag: *---*Oppskr. av: *Edward Grimsstad*Gard: *Grimsstad*(adresse): *Lillehammer*

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

*det merke*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*Har spurt flere.*

## SVAR

A

1. *Ukjent*2. *---*

3. Det er kjent at ungdom på skøy tok skoga-sleden, som sto ferdig ute på garden, lyfta han jamkøgt med låve-taket og smetta han ned på ein besjestolpe. (På utsida av kvar skikkeleg låve var det "bes-stolper" med knaggar og slingar, der dei turka sein lo, helst ruglo, som vart skori sist.) - Han som skulle koyre til skogs, fekk nok eit svare strev før han fekk sleden av stolpen, og det var vel knapt om han kom seg av garde den morgonen. Om dette skulle gjerast ved naker særskilt-helg, er ikkje kjent. Men det var heilt nett etter sin helgedag at slike spel vart gjorde.

B.

4. *Ukjent nå.*5. *---**neste side*

21.  
Til spørjetista nr 36 kunne eg nemne:  
Vårå-vått Kalla dei eit menneske  
dei sette i staden sin dei gongane  
dei helst ville gå fri sjølv. Det  
var eit Klagenmann.

Ein mann som i alt han tok  
seg for, var ei dugløyse, han levde  
til rundt 40 år sia, Kalla dei  
Kavroten.

Eit menneske som var svor til å  
spørja, Kalla dei ei Spørsmålskråke.

Eit menneske som tok opp att det  
andre hadde sagt, eller hernde  
ironisk etter andre, Kalla dei eit  
hermeleaspel. Millom ungar var  
det ikkje uvanleg at dei nytta ordet,  
men den som vart skulda for slikt  
med det, beit frå seg med å  
kalle mot parten ein uppattlepadem.